



Miljøløftet

NOTAT

Vedlegg nr. 5

Til: Styringsgruppa for Miljøløftet
Fra: Vestland fylkeskommune
Kopi: [Fyll inn]

Saksbehandler/telefon:
Torill Klinker / 908 99 261
Vår dato: 14.06.2023

Sak 70/23

Orientering om inngåing av Prosjekteringskontrakt for Bybanen BT5

Bakgrunn

Denne saka er ei oppfylgging av medieoppslag og påfølgjande diskusjon i Prioriteringsrådet den 12. juni, der fylkeskommunen vart bedt om å orientera styringsgruppa om inngått Prosjekteringskontrakt.

Den 1. juni 2023 signerte VLFK v/ Bybanen Utbygging og Cowi i arbeidsfellesskap med Rambøll og Asplan Viak ein prosjekteringskontrakt for prosjektering av bybane til Åsane. Kontrakten sin estimerte verdi er i storleiksorden 1,1 mrd. 2023 kroner.

Kontrakten er basert på NS 8401 Standard, der innleiande konseptfasar samt oppfølging i byggetid er honorert time for time, og prosjektering og utarbeiding av tilbodsdocument for kvar entreprise er basert på fastpris.

Vanleg kontraktstandard (NS 8401 pkt 16) gjev moglegheit til å avbestilla kontraktsarbeid der det fysiske arbeidet ikkje går til utføring. Denne kontrakten har ein tydelegare kontraktskanselleringsklausul i avtaledokumentet der den føreset både godkjent reguleringsplan og at arbeid som ikkje er finansiert kan avbestillast. Dette gjer kontrakten fleksibel med tanke på for eksempel trinnvis utbygging, at element ikkje vert bygd ut, eller i ytste konsekvens inga utbygging.

Reguleringsplanane slik dei føreligg no gjer at utbyggjar har fleire oppgåver det må arbeidast mykje på før detaljprosjektering kan starte. For det første er det eit omfattande analysearbeid på trafikkavvikling i sentrum, men også eit stort arbeid med oppfølging av krav frå antikvariske myndigheiter og interessentar i sentrum.

Kontrakten er starta smått med administrative rutinar, og tek for alvor til medio august med overordna konseptval i sentrum og ut til NHH. I frå omlag november 23 vil ein starta med konseptval på entreprenivå. Vidare arbeid og framdrift vil bli styrt ut frå gjeldande bestilling og finansiering frå Miljøløftet (vedtak i Bypakke Bergen).

Forslag til vedtak

Styringsgruppa tek saka til orientering